



Fastsett av kommunestyret i sak 6/21 den 18.02.2021
Revidert av kommunestyret i sak 39/2025 den 15.05.2025

Planprogram for arealdelen av kommuneplanen 2022-2035 Ål kommune



BILDE 1. SIGNE FUGLESTEG LUKSENGARD



Forord/Innleiing

Gode lesar!

Teksten du les no blir kalla eit planprogram. Dette er ein plan for det arbeidet kommunen no har sett i gang for å få ein oppdatert arealplan, som politikarar og administrasjon skal styre etter i åra som kjem. Dette planprogrammet er altså ein oppstart på det planarbeidet som skal gjerast i året som kjem. I løpet av september 2021 håpar me at planverket er klart, slik at me har ei tydeleg retning for korleis samfunnsutviklinga i Ål kommune skal vera framover.

I denne fasen skal det lagast eit planprogram, som du no les. Denne er no ute på høyring i seks veker. Så blir alle innspela gjennomgått og kommuneplanutval og kommunestyre vedtek planprogrammet. Når planprogrammet er fastsett, byrjar arbeidet med å hente inn kunnskap og faglege analysar og utgreiingar. Dette er fase 2. I den tredje og siste fasen utarbeider ein eit plankart med føresegner, og planomtale med konsekvensutgreiingar og risiko og sårbarheitsanalyser (ROS). Planforslaget blir då lagt ut til nok ei høyring og offentlig ettersyn i seks veker. Etter at nye innspel og ev. motsegner er behandla, blir planen lagt fram for endeleg godkjenning i kommunestyret. Ein reknar med at heile prosessen tek om lag eitt år, og at kommunestyret får saka på dagsorden i hausten 2021.

Arealplanen og føringane der skal peike ut den retninga dei folkevalte og administrasjonen skal styre politikken etter i neste tolvårsperiode. Me har ein kommuneplan frå 2010 som har fungert bra. No ynskjer me at innbyggjarar og andre interesserte kjem med konkrete innspel til stader i Ål som er gode og attraktive areal for særleg næring og bustad. Me vil at Ål kommune skal vera ein attraktiv kommune å bu og leva i. Me ynskjer oss levande grender og bustadområde som gjer det attraktivt å byggje å bu i Ål.

Ål kommune har mange ledige hyttetomter. Til det nye planarbeidet ynskjer me innspel til område der det er aktuelt med fortetting, slik at ein kan gjera eldre, etablerte hytteområde interessante og attraktive for fritidsinnbyggjarar også i framtida.

Me som er folkevalte i Ål håpar det kjem mange interessante innspel til område som kan utviklast vidare. Det er avgjerande at me tek vare på naturen for komande generasjonar. Me lever av naturen her i Ål. Difor betyr det at utbygging og utvikling skal gjerast med varsemd. Me har eit klart mål om å ta vare på dei fortrinna me har, me må ta omsyn til det miljøet me overleverer til dei som kjem etter oss.

Det vert informasjonsmøte på Torpomoen den 24. september 2020 og 6. oktober 2020. Me gler oss til å prate med alle som vil engasjere seg i dette viktige utviklingsarbeidet, og få konstruktive og gode innspel til den nye arealdelen.

Solveig Vestenfor



Innhold


Forord/Innleiing	2
1. Områdeavgrensing	4
2. Føremålet med planarbeidet.....	4
3. Visjon og overordna mål.....	5
4. Gjeldande arealdel.....	5
5. Planprosess og organisering	6
5.1 Lovverk Pbl § 4-1	6
5.2 Planprosessen	7
6. Sentrale tema og problemstillingar i kommuneplanens arealdel.....	8
6.1 Næringsliv.....	8
6.2 Levande grender	9
6.3 Natur, landbruk og klima.....	10
6.4 Friluftsliv	11
6.5 Infrastruktur	12
6.6 Fritidsbustader/hyttebygging.....	13
6.7 Folkehelse.....	14
6.8 Barn og unge	14
6.9 Risiko- og sårbarheit (ROS)	14
7. Utreiingsbehov	15
7.1 Områdeanalyse	15
7.2 Konsekvensutgreiing	16
7.3 Frå mindre ubebudde gardsbruk til bustadområde	16
7.4 Frå fritidsbustad til bustad – mellombels eller varig?.....	16
8. Medverknad og framdrift	16
8.1 Politisk organisering	16
8.2 Administrativ organisering	17
8.3 Medverknad	17
8.4 Framdriftsplan	21
9. Premissar for planarbeidet.....	23
9.1 Nasjonale føringar.....	23
9.2 Regionale føringar	24
9.3 Lokale føringar	25
10. Forhold til eksisterande planer.....	25



10.1	Kommuneplanens arealdel (2010-2022)	26
10.2	Kommuneplanens samfunnsdel (2015-2027)	26
10.3	Overordna kommunale arealføringer for revidering av arealdelen av kommuneplanen	27
Vedlegg:.....		27

1. Områdeavgrensing

Kommuneplanens arealdel for Ål omfattar heile Ål kommune utanom Sundreområdet. Sundreområdet er omfatta av ein eigen plan, Kommunedelplan for Sundreområdet. Kommunedelplan for Primhovda skal innarbeidast inn i den nye arealdelen.



FIGUR 1: FIGUREN SYNER GJELDANDE KOMMUNEPLANENS AREALDEL FOR ÅL. KOMMUNEDELPLAN FOR SUNDREOMRÅDET OG KOMMUNEDELPLAN FOR PRIMHOVDA ER IKKJE MED I DEN EKSISTERANDE KOMMUNEPLANENS AREALDEL FOR ÅL.

2. Føremålet med planarbeidet

Plan- og bygningslova §11-1 sett krav om at «Kommunen skal ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel». Arealdelen av kommuneplanen skal henge saman med samfunnsdelen av



kommuneplanen. Ål kommune har ein samfunnsdel som er vedteken i 20.11.2014, medan gjeldande arealdelen er frå 2010. Det er difor behov for å oppdatere arealdelen slik at den heng saman med måla i kommuneplanen.

Ny arealdel skal byggje på måla i samfunnsdelen, men samfunnsdelen har få arealføringar for utmarka og t.d. hytteområda i Ål. I tidleg fase av planarbeidet er det difor viktig å få på plass arealføringar før arbeidet med å utforme ny arealdel tek til. Dette i tråd med *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019 – 2023*, Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Føremålet med rulleringa av arealdelen av kommuneplanen for Ål kan oppsummerast slik:

- Utforme generelle politiske arealføringar
- Evaluere eksisterande arealdel og kommunedelplan for Primhovda
- Syne dagens situasjon for grendene, hytteområda og utmarka
- Utarbeide ein framtidsretta plan som sikrar at også komande generasjonar kan leve i grendene og av utmarka

3. Visjon og overordna mål

Vedteke kommuneplan for Ål 2015-2027 er førande for planarbeidet. Visjon for Ål er:

«Eit levande Ål for alle!»

Overordna mål:

- I Ål skal det vera godt å bu og leva.
- I Ål skal alle verta sett, inkludert og respektert
- Utviklinga i Ål skal ta vare på behova til komande generasjonar
- Ål vil vera eit berekraftig lokalsamfunn, økonomisk, sosialt, og miljømessig
- Ål har, og vil ha, aktive, kreative, deltakande og skapande innbyggjarar
- Ål skal vidareutvikle gode og lønsame arbeidsplassar

4. Gjeldande arealdel

Gjeldande arealdel for Ål er vedteke 18.10.2010 og er for perioden 2010 – 2022. Området Primhovda har eigen kommunedelplan som var godkjent 19.10.2006.

Kommunedelplan for Primhovda omfattar åsen mellom Øvre-Ål i sør, Votndalen i aust og Leveld i nord. Planen er ein del av satsinga på Ål skisenter. Området sør for skisenteret er delvis utbygd, mens det nordre området er verken regulert eller



påbegynt. Området vert nå rullert og teke inn i arealdelen for heile Ål kommune, jf. planstrategi for Ål.

Gjeldande arealdel av kommuneplan og kommunedelplan for Primhovda er planar der tema under planarbeidet stort sett var område for fritidshus. Planane definerer kor det er tillate/ikkje tillate med ny utbygging av hytter. Planane syner i mindre grad ein plan for den overordna infrastrukturen i områda. Vidare har det i planarbeidet vore lite fokus på verdier for landbruk, natur og friluftsliv. Desse er berre synt som samleomgrep i LNF områda. I planprosessen har det også vore lite fokus på utvikling av grendene i Ål, inkludert tettstaden Torpo.

Oppbygninga av eksisterande arealdel med tre ulike LNF-område og byggeområde fungerer i utgangspunktet godt. Det vil difor vere naturleg å vidareføre desse hovudtrekka i ny plan. Området som omfattar Kommunedelplan for Primhovda bør inn i den same organiseringa.

Vedlagt følgjer eit notat som syner status for både arealdelen for Ål og kommunedelplan for Primhovda.

5. Planprosess og organisering

5.1 Lovverk Pbl § 4-1

For alle regionale planer og kommuneplaner, og for reguleringsplaner som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeides et planprogram som grunnlag for planarbeidet. Kongen kan ved forskrift gjøre unntak fra kravet om planprogram for reguleringsplaner.

Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn normalt samtidig med varsling av planoppstart. Planprogrammet fastsettes ordinært av planmyndigheten.

Dersom berørte regionale og statlige myndigheter på grunnlag av forslag til planprogram vurderer at planen kan komme i konflikt med nasjonale eller viktige regionale hensyn, skal dette framgå av uttalelsen til forslaget til planprogram.

Dersom planen kan få vesentlige miljøvirkninger i en annen stat, skal planmyndigheten sende forslag til program for planarbeidet til berørte myndigheter i denne staten til uttalelse.




For kommuneplan skal det utarbeides planprogram etter reglene i § 4-1. Forslag til planprogram skal sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn normalt samtidig med varsel om oppstart og kunngjøring av planarbeidet, og gjøres elektronisk tilgjengelig på nett. Fristen for å gi uttalelse skal være minst seks uker.

Planprogrammet fastsettes av kommunestyret. Kommunestyret kan delegere myndigheten i samsvar med kommunelovens regler. Kommuneplaner med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging skal inneholde en særskilt vurdering og beskrivelse av planens virkninger for miljø og samfunn, jf. § 4-2 andre ledd.

5.2 Planprosessen

Planarbeidet er delt opp i 3 hovedfaser:

1. Planoppstart og planprogram
2. Utgreiing og planløsninger
3. Planforslag og planbehandling



FIGUR 2: OVERSIKT OVER SAML PLANPROSSESS

I fase 1 skal det utarbeidast eit planprogram. Utkastet til planprogrammet blir behandla i kommuneplanutvalet. Når eventuelle endringar frå kommuneplanutvalet er utført blir det varsla om oppstart av planarbeid



saman med planprogrammet. Dei styresmaktene dette vedkjem blir varsla med e-post, medan innbyggjarane blir varsla i Hallingdølen og på kommunen sine nettsider. Høyringsfristen er 6 veker. Når høyringsfristen er over blir innspel gjennomgått, vurdert og lagt inn i planprogrammet, før det blir lagt fram for kommuneplanutvalet og kommunestyret for fastsetjing.

Når planprogrammet er fastsett byrjar arbeidet med innhenting av kunnskap og analyser/utgreiingar. Dette er fase 2. I denne fasen byrjar ein også å utarbeide utkast til ein ny plan.

I den tredje og siste fasen utarbeider ein eit planforslag med plankart og føresegner, samt planomtale med konsekvensutgreiing/risiko- og sårbarheitsanalyse. Planforslaget blir så lagt ut til høyring og offentleg ettersyn med 6 vekers frist. Etter høyringsfristen blir innspela gjennomgått og eventuelle motsegn behandla. Til slutt blir planen lagt fram for kommunestyret til endeleg godkjenning.

6. Sentrale tema og problemstillingar i kommuneplanens arealdel

Kapittel 4 tek for seg dei mest sentrale tema og problemstillingane i revideringa av kommuneplanens arealdel for Ål.

6.1 Næringsliv

I Ål kommune er det fleire store næringsareal som ikkje er utbygd:

- Oppsjøtippen er eit stort sentrumsnært område på ca. 90 daa som er regulert til næring, men som enno ikkje er teke i bruk som planlagt.
- Kleivi næringspark er eit større industriområde på grensa til Hol. Her er det opning for plasskrevjande industri. Pr d.d. er det framleis areal som ikkje er utbygd.
- Wangen er eit nytt større næringsområde på ca. 60 daa som ligg aust for Torpo. Området ligg inntil eit eksisterande industriområde. I desse områda, som baa ligg inntil riksveg 7, er det store areal som kan utviklast.
- Sør for Torpo, med tilkomst gjennom Torpo sentrum, er det ledig areal regulert til industri. Området ligg inntil eit sagbruk og ei torvbedrift.

Det er i praksis få tilgjengelege tomter for dei som ønskjer å etablere seg. Dei fleste er rå-tomter og manglar infrastruktur.

Gjeldande arealdel opnar opp for spreidd næringsbygg på inntil 200 m² BYA i LNF-3 grender gjennom kvoter. Det er ledig kvote for spreidd næringsbygg i alle grendene. Næringsutvikling i grendene har stort sett vakse fram gjennom utvikling på eigen gard. Mange som har gard driv entreprenørverksemd frå garden. Slik har det vokse fram spreidde næringsbygg og areal for



masseuttak eller massesortering. Ei utfordring med denne form for vekst er at det kan skape konflikter og støy for naboar.

6.2 Levande grender

Eit av Ål sine fortrinn er dei levande grendene med fast busetting, aktivt landbruk og bygdesamfunn med skule, barnehage og fritidsaktivitetar. Det er skule og barnehage i Torpo og Nordbygdene (Leveld). Dette i tillegg til skulane og barnehagane på Sundre.

Snau halvparten av innbyggjarane i Ål kommune bur i grendene. Barnetalet har gått ned dei siste åra og denne utviklinga er det eit hovudmål å snu. Ledige bustadtomter i regulerte bustadfelt i grendene i forrige planperiode har i liten grad gitt ny tilflytting. Status er:

- Vats, der alle dei seks regulerte småbrukstomtene er selt.
- I det nyregulerte kommunale bustadfeltet på Gunnarhaugen i Leveld er det berre selt 2 av 16 tomter.
- På Torpo er det selt 1 av 14 ledige kommunale tomter.
- I Votndalen er ingen kommunale tomter selt i eksisterande planperiode.

Kvotene for spreidd bustadbygging i LNF-3 grender i gjeldande arealdel er derimot oppbrukt.

Det er i kommuneplanen eit mål at bygdene skal utvikle seg vidare. Ål bør ha eit variert og attraktivt tilbod for barnefamiljar. Det er eit mål å tilby varierte buområde for ulike buformer sidan folk sine ønske vekslar ut frå livssituasjon og livsfase. Grendene har potensiale som gode og alternative buområde for dei som ikkje vil bu i tettstad eller i byggefelt.

Det er eit mål å knyte grendene saman med sentrum ved etappevis utbygging av gang- og sykkelstigar og snarveggar som kan få fleire til å nytte sykkel i samband med skule-, fritids- og arbeidsreiser.

Det er under arbeid å få til aktive grendeutval. Målet er at desse grendeutvala, i samarbeid med Ål kommune, skal skape levande grender med folk i alle hus, møteplassar og høve for alle til eit aktivt og kortreist kvardagsliv. Eit mål er at grendeutvala, i samarbeid med kommunen, kjem fram til attraktive og aktuelle område for busetting og næring i grendene. Målet er å trekke til seg folk som ønsker å bu annleis og difor flytte til Ål.



6.3 Natur, landbruk og klima

Landbruk:

Ål er ein aktiv fjellandbrukskommune. Ål kommune er den største jordbrukskommunen i Hallingdal. Som i resten av landet er utviklinga at talet på aktive jordbruksverksemdar går ned, medan produksjonen på dei resterande bruka går opp. Dei siste åra har det vorte investert store summor i ombygging og nybygg av fjøs. Kommunen har gitt løyve til å nydyrke om lag 1118 dekar dei siste 10 åra (SSB – KOSTRA). Dette syner at det er vilje til å satse.

Sjølv om jordbruksbedriftene blir større, blir stølane med mjølkeproduksjon stadig færre. Attgroing av kulturlandskapet er ei utfordring, og det er viktig med dyr på utmarksbeite for å halde kulturlandskapet i hevd. I Ål ligg mange hytteområde i viktige beiteområde. Ved utviding av hytteområde er det viktig å unngå konflikt mellom utbyggjarar og bønder. Det er i randsonene vi har konfliktar, og beiting skjer i dag difor hovudsakleg i høgfjellet. I perioden 2010-2019 blei 39 daa dyrka jord omdisponert til andre føremål enn landbruk (SSB-KOSTRA).

Det må leggjast til rette for at landbruksnæringa fortsatt kan utvikle seg i Ål. Ål ønsker at landbruk og turisme skal gå hand i hand. Det er difor viktig å kartlegge landbruksverdiane og analysere dei viktigaste utbyggingsområda, jf. Områdeanalyse for hytteområda. Ny beitebruksplan for Ål kommune er under utarbeiding.

Natur

Ål kommune er ein stor utmarkskommune, der landskapet og naturressursane er ein av dei viktigaste faktorane for busetting og næringsverksemd. 650 km² av kommunenes areal ligg i Nordfjella villreinområde eller i randsona til villreinområdet. Noreg har eit særskilt ansvar for å ivareta villreinen og villreinens leveområde jf. Bernkonvensjonen. Villreinen er sikra i kommuneplanens arealdel gjennom omsynssoner og Regional plan for Nordfjella.

Bygging av nye fritidsbustader skjer hovudsakleg utanfor villreinområdet, men ferdsel frå hyttene utanfor og inn i villreinområdet kan vere konfliktfylt for viltet.

Kommunen har fleire vatn og vassdrag, og EUs rammedirektiv for vatn har eit generelt mål at alle vassførekomstar minst skal oppretthalde eller oppnå "god tilstand". Ål kommune når pr. i dag ikkje miljømåla i EUs rammedirektiv for vatn mellom anna pga. avrenning og regulerte vassdrag.



Hytteutbygging bidreg til nedbygging av store naturområde, og det er difor særskild viktig å ha fokus på dette i planarbeidet.

Klima

Eit klima i endring kan gi fleire og meir alvorlege naturhendingar i Noreg, ikkje minst flaum, skred og ekstremver. Område som tidlegare har vore sett på som trygge kan difor bli meir utsett.

Fleire område i Ål er avsett i NVE og NGUs aktsemdskart for jord og flaumskred, flaum, steinsprang og snøskred. Desse aktsemdsområda er hovudsakleg utarbeidde ved hjelp av datamodellar basert på terrengdata. Ål kommune har i dag eit krav om at det skal gjennomførast ein skred- og flaumvurdering viss det skal gjennomførast utbyggingstiltak innanfor aktsemdsområda.

Det er krav om at det på kommuneplannivå vert avdekt om det er areal med potensiell fare (aktsemdsområde) i område det kan vere aktuelt med utbygging samt korleis ein skal ta omsyn til fareutsette areal i planen.

Ål kan bidra til å redusera utslepp av klimagassar ved å satse på meir bruk av bane, både til person- og godstrafikk og å redusera lokal biltrafikk. Dette kan gjerast gjennom samordna areal- og transportplanlegging og tilrettelegging for auka bruk av el-bil.

6.4 Friluftsliv

Ein viktig kvalitet ved Ål-samfunnet er store naturområde i skog og fjell. Både innbyggjarar og besøkande i Ål ser på naturen som ein viktig ressurs og ein viktig grunn for å bu og besøke Ål.

I Ål kommune er det over 60 turmål som er skilta og merka på barmark. Dette er både i tettstaden Sundre og i skog og fjellområde. Stigane er viktig for å kome ut i naturen og for å kanalisere ferdsele. Ål har i dag eit godt merka turstignett.

Skiløypenettet er godt utbygd med preparerte skiløyper i alle fjell-/hytteområde, og er ein viktig del av Ål kommune som attraktiv hytte- og skidestinasjon. Ål har i dag 430 km med preparerte skiløyper. Dei fleste områda har gode samanhengande løypenett. Ei utfordring er at det vert fleire kryssingspunkt mellom bilveg og skiløype.

Dei siste åra har terreng-/stigsyssel aktivitet auka mellom anna med prosjektet Tråkk'n Roll. Dette er ei tilrettelegging som er attraktiv både for fastbuande og Ål som sykkeldestinasjon og som gir eit supplement som gjer Ål til ein heilårs



turistdestinasjon. Ål kommune har i samarbeid med m.a. Ål utvikling laga ein masterplan for sentrumsnær terrengsykling i Ål. I arbeidet med arealdelen må det takast stilling til om enkelte område i masterplanen skal inn i arealdelen.

6.5 Infrastruktur

Ål og Hallingdal er avhengig av god infrastruktur for å vere attraktive som bu- og turistområde. I Ål kommune bur det 4677 innbyggjarar, mens det i påsken 2019 var registrert til saman ca. 16 537 personar i Ål. For heile Hallingdal er det 20 547 busette og det var i påsken 2019 registrert til saman ca. 119 907 personar i heile Hallingdal (pr. 1 kvartal 2020). Desse tala syner at regionen 4-5 doblar sitt folketal i enkelte periodar av året.

Veg

Dei fleste kjem til Hallingdal med bil på Rv 7. Rv 7 er peikt ut som ein av dei prioriterte hovudferdselsårer mellom aust-vest i nasjonal transportplan (NTP). Rv 7 med prioritet på turisme og persontrafikk. Det er i dag stor trafikk på Rv 7 med kø i helgar og feriar. Med den planlagte hytteutbygginga i Hallingdal vil dette bli ei enda større utfordring i framtida.

Tog

Bergensbanen er ei viktig transportline i Ål. Stortinget har bestemt at Ringeriksbanen skal byggjast frå 2022. Dette vil medføre kortare reisetid mellom Oslo og Ål. Bergensbanen er viktig for fastbuande og for turisttrafikk til Hallingdal. Hytteområda i Ål ligg langt frå Ål stasjon, og det er ei utfordring å få meir hyttetrafikk over på bane.

Avlaup

Regjeringa har sett som mål at så mange som mogleg skal kople seg til kommunalt avlaup. Der det ikkje er mogleg, er det eit mål at det skal vera flest mogleg i samarbeid om felles reinseanlegg. Kartlegging i Ål syner at ein del mindre og mellomstore private avlaupsanlegg ikkje fungerer godt, og at drifta av dei er sers mangelfull. Erfaringar frå andre kommunar syner/seier det same, der 70-80 % av minireinseanlegga ikkje reinsar slik dei skal.

Ny avlaupsleidning frå Leveldåsen til Sundre gjer det mogleg å kople til fleire av hytteområda og meir fast busetnad etter kvart. Dette gjeld Nordbygdene, men kan også vera aktuelt for delar av Primhovdaområde.

Vatn

Regjeringa har også som mål å kople så mange som mogleg til kommunalt vatn. Pga. spreidd busetting i Ål må ein rekne med fleire private løysingar. For bustadfelt må det vurderast om det skal vera mindre kommunale vassverk.



Nettilgang

Det er i dag mogleg å kople seg på fiber i tettstadene. I grendene vert det jobba med utbygging av fiber. I store og spreidde hytteområde slik vi har i Ål må ein vurdere om mobilt breiband heller er framtida.

6.6 Fritidsbustader/hyttebygging

Det er i dag om lag 2900 hytter i Ål, og det blir gitt byggeløyve til om lag 50 nye hytter kvart år. Hyttene er bygd frå 1960-talet og fram til i dag. Det er ulik standard på hyttene etter som når dei er bygd. Hytter bygd etter 2000 har generelt høg standard. I Ål er det mange eldre hytteområde med låg teknisk standard. Det var ca. 1370 ubygde, ferdig regulerte hyttetomter pr. januar 2019. Det er den lokale verdiskapinga ved utbygging og drift av hytter som er Ål kommune sin motivasjon for å fortsette å legge til rette for hyttetomter.

TABELL 1. TABELLEN SYNER TAL UBEBYGDE REGULERTE TOMTER I ÅL KOMMUNE PR. JANUAR 2020.

Område	Ubygde regulerte tomter
Rødungen – Vats	63
Leveldåsen	136
Votndalsåsen	273
Torpoåsen	220
Syningen	355
Veståsen	5
Sangefjell	59
Torsbu	38
Primhovda	133
Ål Skisenter	23
Andre	76

Ål kommune ønsker at folk skal trivast på hyttene og bruke dei mest mogleg. Undersøkingar syner at hytter med høg standard vert mest brukt. Men hytter av høg standard krev større inngrep og investeringar. Dette gjeld også ombygging og standardheving i eldre felt. Det er difor viktig å sjå større område i ein samanheng slik at ein får mest nytte av infrastrukturen som i dag er naudsynt. I tillegg til høg standard på hytta er det viktig med fasilitetar som skiløyper, merka turstigar og internett osv.

I dag er mange hytter i eldre område i ferd med å bytte eigar. Ny eigar vil ofte byggje på og ha betre teknisk standard på hytta. Dette inkludert heilårig bilveg fram til tomte og innlagt vatn og avlaup. Dei siste ti-åra ser ein at skiløypenettet i enkelte hytteområde har fått mange kryssingspunkt med bilveg.



6.7 Folkehelse

Det skal takast omsyn til folkehelse i all planlegging. Dette vert understreka i føremålsparagrafen i plan- og bygningslova og folkehelselova. Folkehelse handlar om fysisk helse, psykisk helse og utjamning av sosiale skilnadar. Det er eit viktig mål at kommunane gjennom si planlegging styrkar folkehelsa og reduserer dei sosiale skilnadane.

Kommuneplanens arealdel vil kunne legge ei rekke føringar for folkehelsa i Ål gjennom til dømes regulering og tilrettelegging av turstigar, løypenett, friluftsliv generelt, forureining og støy.

6.8 Barn og unge

Gjennom plan- og bygningslova § 1-1 Formålsparagraf heiter det at

«Prinsippet om universell utforming skal ivaretas i planleggingen og kravene til det enkelte byggetiltak. Det samme gjelder hensynet til barn og unges oppvekstvilkår og estetisk utforming av omgivelsene.»

Omsyn til barn og unges interesser i dette planarbeidet er mest aktuelt i grendene. I planområdet har vi barnehage og skule i Leveld og på Torpo.

Ei utfordring med tanke på barn og unge er å legge til rette for fritidsaktivitetar i trafiksikker gangavstand for dei som bur utanfor sentrum. Med lange avstandar er det fort at ein må køyrast. Utanfor sentrum finst det store natur- og friluftsområde med stort potensiale for turstigar, skiløyper og andre fritidsaktiviteter.

Hytteområda er basert på at store omkringliggjande og urørte naturområde med rikt stig- og løypenett langt på veg tilfredsstiller både friluftsliv generelt og barn og unges interesser.

Jf. plan- og bygningslova § 5-1 har kommunen plikt til å sikre medverknad frå barn og unge. Barn og unge skal bli involvert i planprosessen gjennom møter og varsling ved høyringar. Ål ungdomsråd er ein naturleg representant for dei unge.

6.9 Risiko- og sårbarheit (ROS)

Kommunen har nyleg utarbeidd og oppdatert risiko og sårbarheitsanalyse.

Kommunane har ei sentral rolle i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Denne rolla er tydeleggjort gjennom kommunal beredskapsplikt som pålegg kommunane å arbeide heilskapleg og systematisk analyse for samfunnstryggleik og beredskap. ROS-analyse skal gi kunnskap om risiko og sårbarhet for å redusere sannsyn for at ei uønskt hending inntreffer, og for å



reduere konsekvensar dersom ei uønskt hending skjer. ROS-analyse er basert på metodeskildringa i «Veileder til helhetlig ROS i kommunen», utgjeve av Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, oktober 2014.

Heilheitleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Ål kommune med prioriterte tiltak er tilgjengeleg på Ål kommunes heimesider.

7. Utgreiingsbehov

Alle innspel til ny arealbruk må gjennom ein silingsprosess (grovstilling og finsiling). Innspel som ikkje er i tråd med sentrale nasjonale mål, lovverket eller kommunale arealføringar vil bli føreslege lagt til side. Det er administrasjonen som gjer silingsprosessen og KPU som vedtek kva forslag som blir silt ut, i ei politisk sak. Innspel som blir vurdert som uaktuelle i grovstillinga gjeldt t.d. bygging i snaufjell, på myr, i rasutsette område og på viktige naturtypar.

For dei resterande innspela vil administrasjonen i samspel med planfremjar og andre aktuelle partar sjå området i ein større samanheng gjennom områdeanalysar.

7.1 Områdeanalyse

Ål har me fleire område for fritidsbustader der det skal gjennomførast områdeanalysar. I grovstillinga har me nytta områdenamna:

1. Øvre Ål, Torsbu, Primhovda og Ål skisenter
2. Sange fjell
3. Veståsen
4. Torpo og Oppheimsåsen
5. Syningen
6. Votndalsåsen
7. Leveldåsen
8. Vats
9. Bergsjø-Rødungen

Målet med analysane er å få fram dagens situasjon og bruk av området, og utfordringar og behov for framtida. Det inkluderer til dømes: behov/ utfordringar knytt til infrastruktur, natur- og kulturverdiar, løyper og stigar, beiteareal, naturtypar og attraktivitet/ reiselivstilknytting. Analysane tek sikte på å kartlegge eventuelle behov for utvikling, samt eksisterande utfordringar knytt til klima/miljø, trafikk, sosiale høve og økonomi.

Områdeanalysane blir utført av administrasjonen på fagleg grunnlag og ved bruk av tilgjengelege kunnskapsverktøy (t.d. GIS-verktøy, kartleggingsverktøy frå NINA, NIBIO og NIKU, og/eller DOK-analyser. Analysane blir etter kvart som dei er klare lagt fram for planfremjar/ grunneigarar og eventuelt andre relevante aktørar på innspelsmøter. Møta opnar ikkje for nye innspel, men administrasjonen kan etter dialog med møtedeltakarane justere områdeanalysane t.d. for å supplere med lokalkunnskap og tydeleggjere formuleringar.



7.2 Konsekvensutgreiing

Konsekvensutgreiing av det enkelte planforslag blir utført etter grovsilinga og etter at områdeanalyse for det gjeldande området der forslaget er plassert, er ferdigstilt.

Konsekvensutgreiing kallast også *finsiling*. Her blir miljømessige, økonomiske og sosiale konsekvensar ved det enkelte planforslaget vurdert. For vurdering av konsekvens vert det vist til skjema som syner vurderingsmetodikk.

7.3 Frå mindre ubebudde gardsbruk til bustadområde

Undersøke moglegheita for å gjere om mindre ubebudde gardsbruk til bustadområde i grendene.

7.4 Frå fritidsbustad til bustad – mellombels eller varig?

Undersøke konsekvensane av å opne opp for omgjerung av fritidsbustad til bustad i hyttefelt og på åsane.

8. Medverknad og framdrift

8.1 Politisk organisering

Kommuneplanutvalet (KPU) er det politiske utvalet som har ansvaret for arbeidet med arealdelen. KPU vedtek å leggje planprogram og seinare planframlegget ut på offentleg høyring. Vidare handsamar KPU merknadene



til både planprogram og planframlegg og sender dette vidare til endeleg avgjerd i kommunestyret.

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs (STNR) har areal og regulering som sitt fagområde. STNR vert brukt som fagutval og kjem med sine råd til KPU i denne saka.

8.2 Administrativ organisering

Planprosessen med kommuneplanen vil bli styrt av eit administrativt planforum beståande av:

- Kommunalsjef drift og utvikling (leiar av planprosessen)
- Næringsutviklar
- Landbruksrådgjevar
- Arealplanleggjar
- Folkehelsekoordinator/ representant for barn og unge
- Arealplanleggjar / prosjektleiar

Det administrative planforumet har ansvar for å leggje fram materiale og saker til KPU.

8.3 Medverknad

Kommunen skal legge til rette for medverknad i planprosessar etter plan- og bygningslova. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging, blant desse også born og unge, og skal elles sikre brei medverknad. Medverknaden skjer på følgjande måte:

8.3.1 Informasjon

Informasjonskanal i planarbeidet vil vere Ål kommune si heimeside, Hallingdølen og sosiale media. Her vil det bli lagt ut informasjon om planarbeidet, og høyringar og kunngjeringar vil bli lagt ut her. Dette er viktige informasjonskanalar for dei som ønskjer å kome med innspel til kommuneplanen. I tillegg vil Ål utvikling, lag og foreiningar og andre organisasjonar få brev om planarbeidet.

8.3.2 Politiske prosessar

Planforslaget vil bli 1.gangs behandla før det vert lagt ut til offentleg ettersyn.

8.3.3 Offentleg høyring

Planprogram og forslag til kommuneplanens arealdel vil bli lagt ut til høyring og offentleg ettersyn. Det er 6 vekers merknadsfrist. Dei som kjem med innspel til planprosessen, lag og foreiningar, andre organisasjonar, nabokommunar og regionale og statlege styresmakter vil få informasjon pr. brev.



8.3.4 Regionalt planforum

Regionalt planforum blir styrt av fylkeskommunen. Alle statlege instansar med motsegnrett blir inviterte til møte. Det vil bli halde to møte med regionalt planforum. Det fyrste møtet vil bli halde under høyring av planprogrammet. Det andre møtet vil bli halde når utkast til planen er klar, men før 1. gongs behandling. Dette møtet kan vere med på å minske risikoen for motsegn.

8.3.5 Informasjonsmøte/dialogmøte

Undervegs i planprosessen vil det bli halde fleire informasjonsmøte/folkemøte. Den første rekkja med møte vil bli halde når planprogrammet ligg ute til offentleg ettersyn (september/oktober 2020). På desse møta vil fokuset vere å forklare innbyggjarane om prosessen og invitere dei til å kome med innspel til både planprogrammet, men og til konkret arealbruk.

Covid-19 situasjonen:

På grunn av covid-19 situasjonen vil det bli ei avgrensing på kor mange som kan opphalde seg i møtelokala og det vil derfor bli naudsynt med bindande påmelding til informasjonsmøta. Informasjonsmøta vil bli halde på Torpomoen. Viss det blir veldig mange påmeldte til møta må kommunen vurdere å sette opp ekstra møte. Viss det blir endringar pga. nye råd frå regjeringa vil påmeldte blir informert om dette og informasjon på kommunens heimesider vil bli oppdatert.

Påmelding kan gjerast til postmottak@aal.kommune.no eller på telefon til 32085000. I påmeldinga må det informerast om kva møte du ønsker å delta på.

Stad	Tid
Torpomoen	Torsdag 24. september, kl 19.00
Torpomoen	Tysdag 6. oktober, kl 19.00

Den andre rekkja med informasjonsmøte vil bli halde når planen er til 1. gongs offentleg ettersyn. Møtedato er ikkje sett. På desse møta vil analysane som er gjennomført bli presenterte saman med utkastet som er lagt på høyring. Møta blir arrangert tidleg i høyringsperioden slik at det er god tid til å behandle innspel og merknader. Høyringsperioden er 6 veker.

I tillegg vil det bli halde møter med grunneigarar som eventuelt har kome med innspel i same område. Dette for å koordinere innspela.



8.3.6 Innspel eller merknad til planarbeidet

Ny arealplan vil ha perspektiv på 10 – 15 år. Ål kommune ønskjer innspel til planarbeidet. Kommunen ønskjer særleg innspel på attraktive areal for:

- Ulike typar næringar
- Areal for masseuttak/massehandtering
- Ulike typar bustader som t.d. små bustadfelt, område eigna for spreidd bustadbygging osv.
- Hyttefelt – særleg areal som kan vere eigna for fortetting slik at området generelt kan få høgare teknisk standard med veg, straum, ladepunkt, vatn og avlaup

Samarbeid:

Dersom ein har innspel eller merknader til planforslaget er det ein fordel om fleire er saman om innspelet. Alle innspel vil bli vurdert, men Ål kommune kan ikkje ta omsyn til alle innspel som kjem inn. Det er lettare å bli høyrte dersom det t.d. er fleire grunneigarar som er saman om eit innspel.

I tillegg er det enklare å få til gode løysingar dersom fleire grunneigarar samarbeider om infrastruktur og plassering av nye tiltak. Dersom det er mange innspel på t.d. hyttefelt, kan kommunen prioritere område der mange grunneigarar blir tilgodesett og der større areal vert sett i samanheng.

Skjema for innspel:

Ved konkrete innspel skal vedlagte skjema nyttast. For at administrasjonen i Ål kommune skal få vurdert innspela er det behov for informasjon om:

- Avsendar sin relasjon til området inkludert kontaktadresse, e-post og telefonnummer
- Kor ligg området – legg ved kart som syner området. Målestokk 1:5000 og 1:2000
- Om det er eit utbyggingstiltak må kartet syne tilkomst til området
- Eit kart som syner eksisterande situasjon i området
- Ei skildring av bakgrunn og føremål med innspelet
- Kva innsendar ønsker skal vere i området (bygg, anlegg og mengd)

Vidare ønskjer Ål kommune at det i skjema vert informert om:

Lokal verdiskaping:

Det vil vere positivt om eit tiltak er med på å styrke lokale verdiar. Både byggeaktivitet og bruk av hytter kan gi auka verdiskaping til lokalt



næringsliv. Stor oppdragsmengd og auka omsetting kan gi positive ringverknader i form av sysselsetting og skatteinntekter.

Område som eignar seg for utbygging:

Innspel til kommuneplanen må ikkje koma i konflikt med naturmangfald, vilt og trekkruiter eller andre landskapsmessige viktige kvalitetar. Fortetting og/eller utviding av eksisterande hytteområder er viktig prinsipp framfor å ta nye jomfruelege areal i bruk.

Berekraft:

Har tre viktige dimensjonar som skal vektleggjast: Bevare miljø, natur og kultur, styrke sosiale verdier og vera økonomisk levedyktig.

Jordvern:

Dyrka mark bør ikkje takast i bruk som byggeområde. Det er heller ikkje ønske om å ta innmarksbeite i bruk som byggeområde. Ål kommune støttar opp under nasjonal målsetting om å ikkje omdisponere dyrka mark. I Ål har ein tradisjon for ikkje å bygge ned stølsvollar og viktige kulturlandskap.

Samfunnstryggleik:

Område for innspel må vere trygge å opphalde seg i. Det må difor greiast ut om potensielle farar i området, deriblant ras, flaum og erosjon.

Teknisk infrastruktur:

Innspel må vise til ein plan for tilkomst, straum, vatn, avløp og renovasjon. Kan ein bruke den eksisterande infrastrukturen, eller må det opparbeidast ny infrastruktur?

Fortetting:

Fortetting kan føre til konflikt med eksisterande hytter. Ei gulrot ved fortetting kan vere at området generelt kan få betre teknisk standard eller høgare utnytting på kvar tomt. Dersom grunneigarar vurderer fortetting, bør grunneigarane sjølv tidleg gå i dialog med naboar og hytteeigarar/vel i området for å lodde stemninga.

Siling av innspel:

Alle innspel til ny arealbruk må gjennom ein silingsprosess, jf. punkt 7. om utgreiingsbehov. Innspel som ikkje er i tråd med sentrale nasjonale mål, lovverket eller kommunale arealføringar vil bli føreslege lagt til side. Det er KPU som vil vedta dette i ei politisk sak.

For dei resterande innspela vil administrasjonen i samspel med planfremjar og andre aktuelle partar sjå området i ei større samanheng.

Det vil vidare bli gjort ein konsekvensvurdering av dei områda som vert tilrådd/vurdert som eigna å jobbe vidare med. For vurdering av konsekvens



vert det vist til skjema som syner vurderingsmetodikk.

8.4 Framdriftsplan

Fase 1: Planoppstart og planprogram	Tid	Involvering
Forarbeid - dagens situasjon	Januar – juli 2020	Adm.
Arealføringar – politisk forankring – politisk handsaming	Januar – august 2020	Kommunestyret/STNR/KPU
Utarbeide planprogram	Mai – juli 2020	Adm.
Planprogram på offentlig høyring - Grendemøte - Næringsliv – møte med byggje- og anleggsbransje - Løypelag - Planforum fylket Frist nye innspel til arealdelen 1.11.2020	August – oktober 2020	- Off. instansar - Grendeutval/bulystmøte - Hyttevel - Ål utvikling - Løypelag - Lokalt næringsliv - Grunneigarar - Innbyggjarar - Nabokommunar - Organisasjonar
Annonsering i Hallingdølen, heimesida Ål kommune, Facebook. Brev til offentlege etatar og frivillige lag og foreiningar. Innkalling til møte.		
Vedteke planprogram	Februar 2021	Kommunestyret
Fase 2: Utgreiingar og planløyising		
Oversikt over innspel i planprogrammet: - Grovsiling - Områdeanalysar - Konsekvensutgreiing og Risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS)	August - september 2025 Oktober - desember 2025 Desember - februar 2026	Adm. Adm. / berørte partar: grunneigarar/hyttevel/innbyggjarar Adm.
Eventuelt nye utgreiingar		
Planvask	Oktober 2025 - mai 2026	Adm. og grunneigarar
Utarbeid framlegg til revidert arealdel: - Føresegner - Planskildring inkl. konsekvensutgreiing og ROS - Plankart	Januar 2026 - mai 2026	Adm.
Fase 3: Planforslag og Planhandsaming		
Politisk handsaming av planframlegg	Mai 2026	Kommuneplanutvalet



Planprogram arealdelen av kommuneplanen - Ål

Plan ut på offentlig høyring og ettersyn: • Folkemøte/grende- møte • Annonsering, informasjon, formidling • Offentlege møte	Juni 2026 - september 2026	Adm. Offentlege instansar/ Innbyggjarar/interesse- org./hyttevel/grunneigarar
Vurdere innspel til planforslaget, moglege endringar, evt. nye utgreiingar	Oktober – november 2026	Adm.
Politisk handsaming av planframlegg	November 2026	Kommuneplanutvalet
(Med høgt sannsyn) 2. gongs offentlig høyring og ettersyn	November - desember 2026	Adm. Offentlege instansar Innbyggjarar/interesse- org./hyttevel/grunneigarar
Vurdere innspel til planforslaget, moglege endringar	Januar – februar 2027	Adm.
Vedtak	Mars 2027	Kommunestyret

8.4.1 Fase 4 – Endring av planen

Korleis prosessen blir etter at planen har vore ute til offentlig ettersyn, avheng av om planen får endringar som krev ny på offentlig høyring eller ikkje, eller om det er motsegn til planforslaget. Det er mest hensiktsmessig å sette opp ein detaljert plan etter at KPU har handsama



merknadene til planframlegget.

9. Premissar for planarbeidet

Premiss for planarbeidet er dei lover, planar og rettleiarar som er juridisk bindande. Dei legg dermed føringar for korleis kommuneplanen kan utarbeidast.

9.1 Nasjonale føringar

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, kgl.res. 14.05.2019
- Statlige planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transport-planlegging, 26.09.2014
- **FNs berekraftsmål**
- Meld. St. 33 (2016–2017) - Nasjonal transportplan 2018–2029
- Meld. St. 18 (2016–2017) Berekraftige byar og sterke distrikt
- Meld. St. 17 (2012–2013) Byggje – bu – leve
- Bolig for velferd – Nasjonal strategi for boligsosialt arbeid (2014–2020)
- Nasjonale og vesentlige regionale interesser på miljøområdet – klargjøring av miljøforvaltningens innsigelsespraksis.
- Naturmangfoldloven, av 19.06.2009
- Meld.St. 14 (2015–2016) Natur for livet. Norsk handlingsplan for naturmangfold.
- Parisavtalen 12.12.2015
- Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid, meld. St 41 (2016–2017)
- Meld. St 13 (2014–2015) Ny utslippsforpliktelse for 2030 – en felles løsning med EU, samt Stortingets behandling
- Meld. St. 21 (2011–2012) Norsk klimapolitikk
- Klimakur 2020
- Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning 28.09.2018
- Forskrift om rammer for vannforvaltningen, 19.12.2006
- Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag, T-1078
- NOU 2015:16 Overvann i byer og tettsteder- Som problem og ressurs
- Meld. St. 33 (2012–2013) Klimatilpasning i Norge
- Forurensningsloven
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanleggingen, T- 1442
- Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging, T-1520
- Jordloven og skogbruksloven, samt forskrifter og rundskriv
- Nasjonale jordvern- og matproduksjonsmål og brev 1. okt. 2018 fra Landbruks- og matdepartementet om nasjonal og vesentlig regional jordverninteresse



- Oppdatert nasjonal jordvernstrategi, Prop. 1S (2018-2019) og tilhørende innstilling fra Næringskomiteen av desember 2018 Innst. 8 S (2018-2019) i 8-2019).
- Veileder - Landbruk og planlegging etter plan- og bygningsloven
- Veileder H-2401- Garden som ressurs
- Landbruk og klimaendringer, rapport fra arbeidsgruppe av 19.2.2016 og vedlegg med Utredning om landbrukets utfordringer i møte med klimaendringene.
- Forskrift om kommunal beredskapsplikt, av 22.08.2011.
- Retningslinjer for fylkesmannens bruk av motsegn for å ivareta samfunnssikkerhet i arealplanleggingen, DSB 2010
- Samfunnssikkerhet i kommunenes arealplanlegging, DSB 2017
- Kommunenes arealplanlegging -skjema, DSB 2017
- Veileder om sikkerheten rundt storulykkevirksomheter, mars 2017, DSB
- Flaum og skredfare i arealplanar, revidert 22.5.2014. NVE
- Lov om folkehelsearbeid av 24.6.2011
- Meld. St. 15 (2027-2018) «Leve hele livet» - En kvalitetsreform for eldre
- St. meld 19 (2014 – 2015) Folkehelsemeldingen – Mestring og muligheter
- Plan- og bygningslova, kunngjort 27.06.2008 og forskrifter etter plan- og bygningslova
- Veglova, 01.01.1964
- Kulturminnelova, 09.06.1978
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen, datert 20.09.1995
- Om barn og planlegging, Rundskriv T-2/08
- Barn og unge og planlegging etter plan- og bygningsloven, T-1513
- Den europeiske landskapskonvensjonen, T-1475
- T-1450 – Planlegging av fritidsbebyggelse, datert 12.12.2005
- Forskrift om rammer for vassforvaltning, 19.12.2006
- Nasjonale mål for vann og helse, vedteke 22.05.2014
- Forskrift om vassforsyning og drikkevann, kunngjort 30.12.2016
- Nasjonal transportplan 2018-2029, godkjent 05.04.2017
- Forskrift om konsekvensutgreiingar, kunngjort 22.06.2017
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442, revidert 2016
- Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing, kunngjort 28.09.2018

9.2 Regionale føringar

- Strategi for folkehelse i Buskerud 2010-2014
- Fylkesvegstrategi 2014-2023, datert november 2012
- Strategi for trafiksikkerhet i Buskerud 2014-2023, vedteke 05.12.2013
- Handlingsprogram for samferdsel 2018-2021, Buskerud fylkeskommune



- Regional plan for verdiskaping og næringsutvikling 2015-2020, vedteke 10.12.2014
- Regional plan for vassforvaltning i vassregion Vest-Viken 2016-2021, datert 02.11.2015
- Regional planstrategi for Buskerud 2017-2020, vedteke 14-15.12.2016
- Regional plan for kulturminnevern i Buskerud 2017-2027, vedteke 27.04.2017
- Regional plan for areal og transport i Buskerud 2018-2035, vedteke 14.-15. februar 2018
- Regional plan for Nordfjella 2014-2025
- Regional plan for kulturminnevern
- Fylkesdelplan for avkjørsler og byggegrenser langs riksvegnettet i Buskerud Del 1 og 2
- Kollektivtransportplan for Buskerud fylke
- Strategisk plan for Hallingdal

9.3 Lokale føringar

- Kommunale arealføringar for revidering av arealdelen av kommuneplanen (pågåar)
- Kommunal planstrategi 2016 - 2019, vedteke 16.02.2017. Planstrategi for 2020-2023 ligg ute på høyring no.
- Kommuneplanen, langsiktig del 2015 - 2027 (samfunnsdelen)
- Kommunedelplan for idrettsanlegg og fysisk aktivitet
- Plan for helse og omsorgstenester 2020-2023
- Kommunedelplan for beite (pågåar)
- Strategisk næringsplan 2017 - 2020
- Hovudplan for avlaup 2006 - 2011
- Vassbruksplan for Ål 2006 - 2011
- Hovudplan for veg
- Plan for trafikktryggleik 2019 – 2022
- Heilheitleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Ål kommune
- Klima og energiplan for Ål
- Forvaltningsplan – Utvalde kulturlandskap i jordbruket – Leveld

10. Forhold til eksisterande planer

Planane i kapittel 9 er rettleiande for kommuneplanarbeidet. Gjeldande kommuneplanens arealdel er i dag juridisk bindande, men den vil bli erstatta av ny kommuneplan, og vil difor berre vere rettleiande for den nye planen. Samfunnsdelen og kommunale temaplanar er også rettleiande, men skal takast omsyn til i planarbeidet.



10.1 Kommuneplanens arealdel (2010-2022)

Eksisterande kommuneplan fungerer godt. Det vil difor vere naturleg å vidareføre hovudtrekka i dagens plan.

10.2 Kommuneplanens samfunnsdel (2015-2027)

Kommuneplanens samfunnsdel vart vedteke av Ål kommunestyre i sak 52/14 den 20.11.2014. Samfunnsdelen skal danne grunnlaget for arealdelen. I samfunnsdelen er det lista opp seks satsingsområde mot 2027. Dei seks satsingsområda er:

- Oppvekstmiljø
 - Ål vil ha eit trygt og inkluderande oppvekstmiljø der alle lærer å ta ansvar, vise respekt og ha omsorg for kvarandre.
 - Eit godt oppvekstmiljø er viktig for alle barn og unge si utvikling. Oppvekstmiljøet har mykje å seie for at folk skal trivast og ha lyst til å etablere seg i kommunen. Satsing på barn og unge er ei god investering i framtida og er viktig for trivsel, etablering og samfunnsutvikling generelt.
- Kultur og fritid
 - Ål vil vidareutvikle seg som *kulturbygda i Hallingdal* og styrke sin kulturelle identitet.
 - Ål legg det utvida kulturomgrepet til grunn i kommuneplanen. Det vil seie både det fysiske miljøet med idrett og friluftsliv, det tradisjonelle kunst- og kulturuttrykk og arbeidet til lag og organisasjonar.
- Helse og omsorg
 - Ål skal vera helsekommunen i Hallingdal. Som vertskommune for Hallingdal sjukestugu med *intermediær avdeling*, og ei rekke interkommunale samarbeidstiltak, t.d. Hallinghelse, har Ål eit særleg ansvar for gode helsetenester til alle, både ålingar, hallingar og tilreisande.
 - Helse- og omsorgstenestene skal fremje god helse, og uavhengig av alder og bustad gje tilstrekkeleg hjelp til at brukaren kjenner seg trygg og betre kan meistre livet sitt.
- Folkehelse
 - Livskvalitet og trivsel handlar mellom anna om arbeid, inntekt, bustad og fritidstilbod. Og mest av alt handlar det om korleis me har det i kvardagen. Ål vil arbeide for å styrke folkehelsa og medverke til at einskildmennesket meistarar kvardagen sine krav. Alle skal bli sett og ta sin del av ansvaret for eit inkluderande og levande nærmiljø.



- Attraktive sentrum og levande grender
 - Eit attraktivt *sentrum* med gode fasilitetar, *grøne lunger* og gode servicetilbod er viktig både for fastbuande og for turistar. Det er eit overordna mål for Ål å legge til rette for busetting både i *sentrum* og ute i grendene.
- Næringsutvikling
 - Overordna mål for næringsutviklinga er å utvikle Ål sine fortrinn, styrke eksisterande *næringsliv* og bidra til at det vert skapt nye arbeidsplassar.

10.3 Overordna kommunale arealføringar for revidering av arealdelen av kommuneplanen

Administrasjonen har i forbindelse med planarbeidet sett behov for å supplere samfunnsdelen med fleire overordna arealføringar for kommunens arealbruk ved revisjon av kommuneplanens arealdel. Dette arbeidet pågår parallelt med planprogrammet og vil sendast ut på høyring samtidig med planprogrammet.

Arealføringane er basert på innspel frå arbeidsmøte med kommunestyre den 21.01.2020 med fokus på desse satsingsområda:

- Næringsutvikling
- Levande grender
- Infrastruktur
- Natur, landbruk og klima
- Stigar og skiløyper
- Hytteutvikling

Forslag til arealføringar er handsama i sektorutval for teknisk, næring og ressurs 12.05.2020 og kommuneplanutvalet 08.06.2020, 15.06.2020 og 10.08.2020

Vedlegg:

- Skildring av gjeldande arealdel
- Mal for innspel